

Fra: Tord Kristian Karlsen <Tord.Karlsen@bsj.uib.no>
Sendt: 27. mars 2014 13:32
Til: NVE
Kopi: berit.gjerland@sfj.no
Emne: Vedr. Søknad og konsekvensutgreiing for Bredvatn kraftkver, Bremanger kommune i Sogn og Fjordane.

Dykkar ref: NVE 201202824-23 kv/mcpr

Vedr. Søknad og konsekvensutgreiing for Bredvatn kraftkver, Bremanger kommune i Sogn og Fjordane. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til brev dagsynt 11/12-2013.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Førdspollen i Bremanger kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Sigdestadsvika og Svinevika lengre ut i Ålfoten har derimot hatt ein del aktivitet i eldre tid, så me gjer oppmerksam på at spor av skipsaktivitet kan finnast også inne i Førdspollen, men me reknar det for mindre sannsynleg.

Kraftverk og rørgater m.m. er landbaserte konstruksjonar, men med en konsekvens ved ein eventuell neddemming at kulturminner på land vil bli til marine kulturminner. Bergens Sjøfartsmuseum har fleire eksemplar på dette i sitt forvaltningsområde.

Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Venleg helsing
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Tord K. Karlsen
Saksbehandlar marinarkeologi
Direkte telefon: 55549604.
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no
Nettside: <http://www.bsj.uib.no/>



BERGENS SJØFARTSMUSEUM
MARINARKEOLOGI